

## Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.04.2016

**Ungdommens bystyre Bergen** var invitert av Ungdommens fylkesutval for å diskutere områder ein kan samarbeide på. Tema ein diskuterte var fritt skuleval, fråværs grensa og fleksitid.

Leiar Vegard Kleppe informerte om at han har vore i kontakt med fylkesordførar og fylkesvaraordførar i Rogaland angående **start av eit medverknadsorgan for ungdom på fylkesnivå**. Leiar og ein til frå UFU vert invitert ned til Stavanger for å hjelpe til med kunnskap og kompetanse frå Hordaland.

Oda Mo Eikefet og Nora Savland deltok på **Ungdommens fylkesting i Sogn og Fjordane 8.-10. april**. Dei rapporterte om eit bra arrangement som dei kan dra nytte av ved å planlegge Ungdommens fylkesting i Hordaland. Blant anna songhefte og politisk spørjetime.

**Kontrollkomiteen, representert ved Agnes Bernes**, ønskja å minne Ungdommens fylkesutval på at sjølv om det er fint å ha eit godt samarbeid med Ungdommens bystyre Bergen er det viktig at ungdomsråda ikkje vert behandla ulikt. Komiteen minna og utvalet på at det er fint om dei informerer meir om når møta er på facebook.